



Terje Jan Nilsen
Myrdalskogen 151
5117 ULSET

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18389 - 21/50645

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
16.07.2021

Svar på brev i saka - gbnr 351/50 Landsvik

Tiltak: Tilbygg til hytte
Byggjestad: Gbnr: 351/50
Tiltakshavar: Terje Jan Nilsen
Ansvarleg søkjar: Terje Jan Nilsen

Administrasjonen har mottatt brev i saka den 28.06.21 med førespurnad om krav til nabovarsel for oppføring av tilbygg til hytte. Løyve til tiltaket med dispensasjon er gjeve den 20.06.21 i sak 21/18400.

Tiltakshavar meiner at tiltaket kjem under fritaksreglane i Byggesaksforskrifta SAK §5-2 pga. sin karakter, plassering og storleik.

VURDERING

Administrasjonen er usamd med tiltakshavar. Tilbygget skal oppførast i strid med arealdel til kommunedelplanen for Meland i område avsett til LNF-spreidd bustad. Oppføring av tilbygg til hytte er avhengig av dispensasjon, jf. PBL §§19-1, 19-2. Dispensasjon skal nabovarlas jf. PBL §19-1 og jf. rettleiaren til SAK §5-2 Til andre ledd.

Viss tilbygget skulle hatt bruksareal på under 15 m² og var i byggjeområde regulert til bygg, anlegg med avstand 4 m til nabogrense, kunne det vere unnateke søknadspått, jf. SAK §4-1 b). Men i dette tilfellet er tiltaket i strid med plangrunnlaget og bruksareal er over 15 m². Det kan ikkje unntakas frå nabovarsel i denne saka.

Tiltakshavar skrivar at arbeida i våtrom skal ikkje nabovarlas etter SAK10 §5-2 fjerde ledd. Denne søknaden går ikkje på våtrom arbeid innvendig i hytte, den omfattar fasadeendring og utvendig endring av hytte i form av tilbygg med bruksareal på 16 m², difor krevjast det nabovarsel i saka.

Tiltakshavar kommentera at merknader frå K. L. Johnsen skulle ikkje takast til følgje pga. innvendig karakter av arbeider knytte våtrom. Naboen har reagert på eventuell utviding av eksisterande utslepp knytte tilbygget. Saka skal vere tilstrekkeleg opplyst etter

forvaltningsrettens prinsipp før den kan handsamast, difor kravde kommune fleire opplysningar knytte utslepp i saka.
Kommune er pålagt å foreta forsvarleg sakshandsaming etter både PBL og forureiningslova.

Etter telefonsamtale den 16.07.21 ber vi om stadfesting om vi skal handsama søknad om veg i sak 21/18389 eller saka skal trekkjast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rita Irene Schjønningsen
Terje Jan Nilsen

Myrdalskogen 151
Myrdalskogen 151

5117 ULSET
5117 ULSET